



Lindås kommune
Kvernhusmyrene 20
5914 ISDALSTØ

Dato: 01.09.2015
Vår ref.: 2015/5694-3
Saksbehandlar: monsera
Dykkar ref.: 15/2535 – 15/23212

Kulturminnefagleg fråsegn etter synfaring - etablering av avløpsanlegg - Hundvin - gnr 56 bnr 73 - Lindås kommune

Viser til brev datert 02.06.2015 med sak til fråsegn og vårt brev datert 18.06.2015 med varsel om kulturhistorisk synfaring. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern.

Om tiltaket:

Søknaden omfattar etablering av avløpsanlegg for hytte på gnr. 56, bnr. 73 i Hundvin, Lindås kommune. Kommunen peikar på at det er fleire registrerte gravminne i området. Arkeologar frå Hordaland fylkeskommune var på synfaring i det gjeldande arealet 26.08.2015. Det omsøkte anlegget er tenkt plassert mellom to moglege gravhaugar frå jernalder (Askeladden id. 144952 og 144953), som ligg på gnr. 56, bnr. 17. Terrenget her er kupert, med fleire mindre bergknausar og berg med skrinn overdekking.

Vår vurdering:

Slik vi ser det, vil anleggsarbeidet sannsynleg krevje sprenging av berg i undergrunn og/eller utfylling av området med jordmassar. Eit såpass omfattande inngrep så nær kulturminna vil ha skjemmande verknad på desse. Vi oppmodar difor søkaren til å finne alternativ plassering for anlegget. Det kan vere ei løysning å plassere avløpsanlegget langs kanten av parkeringsplass, bak den største haugen, og vidare langs Hundvinsvegen mot kistegrøft som går parallell med Kvalvågnesvegen.

Etter vår vurdering er det planlagde avløpsanlegget i strid med omsynet til vern av automatisk freda kulturminna med Askeladden id. 144952 og 144953. Etablering av anlegget som vist på kart jf. søknad, vil medføre at kulturminna vert utilbørleg skjemma og er dermed omfatta av kulturminnelova § 3. Jamfør nasjonale føringar i høve kulturminneforvaltninga er det eit mål å bevare automatisk freda kulturminne i eit mest mogleg urørt kulturhistorisk landskap.

Konklusjon:

Hordaland fylkeskommune *rår ifrå* at det vert gitt løyve til å avlaupsanlegg som vist på kart jf. søknad. Vi ber kommune og tiltakshavar om å ta kontakt for å drøfte alternative løysningar.

Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator

Monika Cecylia Serafinska
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.